

Koronavirus

Omsorgstilbod for barn i barnehagar og skular.

Gjeld frå 13.03.19 kl 14.00

Barn av foreldre som jobbar i kritiske samfunnsfunksjonar og barn som har særskilde omsorgsbehov får eit tilbod frå kommunen. Barnehagar og skular er stengt, men enkelte vil framleis få omsorg for barna sine. Dette gjeld inntil vidare ikkje for Haus skule og Hauge barnehage.

Tilbodet gjeld i perioden barnehagane og skulane er stengt på grunn av koronaviruset. Kommunen har eit omsorgstilbod for born i barnehage og i grunnskulen, som har foreldre som jobbar med særleg viktige samfunnsfunksjonar. Det er viktig å merke seg at dersom ein er to foreldre, må begge arbeide i slike yrkjer. Ein må også legge fram dokumentasjon frå arbeidsgivar for å få tilgang til ordninga.

Desse sektorane skildrar FHI som kritiske for samfunnet

- Styring og kriseleing
- Forsvar
- Lov og orden
- Helse og omsorg
- Redningsteneste
- IKT-sikkerheit i sivil sektor
- Natur og miljø
- Forsyningssikkerheit
- Vann og avløp
- Finansielle tenester
- Kraftforsyning
- Elektroniske kommunikasjonstenester
- Transport
- Satellittbaserte tenester
- Apotek

Slik vil omsorgstilbodet bli for born med foreldre i kritiske samfunnsfunksjonar:

Barnehage

Omsorgstilbodet skal skje innanfor barnehagen si ordinære opningstid.

Skule

Omsorgstilbodet for småtrinnet skal skje innanfor skule og SFO si ordinære opningstid. Det betyr at elevar som ikkje har plass på SFO, ikkje får plass i omsorgstilbodet i SFO si opningstid. Elevane får same opplæringstilbod som elevane heime.

Slik vil tilbodet fungere for born med særskilde omsorgsbehov:

Barnehage

Barnehagar med born som treng ekstra hjelpetiltak og tilsyn, skal tilby omsorgstilbod for desse barna. Dette gjeld multifunksjonshemma born og born med andre spesielle utfordringar.

Skule

På skulane skal det gjevast eit tilsvarande tilbod (som i barnehage) i skulen og SFO si opningstid. Det er Helsedirektoratet som har avgjort at leiarar i barnehagar og rektorar ved barneskular må leggje til rette for eit slikt tilbod.

Det er i første omgang føresette som må vurdere bruk av tilbodet opp mot barnet og eleven sitt omsorgsbehov.

Vis
solidaritet!

Me oppmodar til å visa solidaritet i ei særleg utfordrande tid for sårbare grupper på øya vår og deira pårørande



OSTERØY KOMMUNE

Telefon: 56 19 21 00 – www.osteroy.kommune.no